

## **Instruks til styret for Helse Vest RHF om samarbeidet med universitet og høgsckolar**

Vedteke på føretaksmøtet i Helse Vest RHF 24. mai 2013

### **1. Formål**

Formålet med instruksen er å sikre at samarbeidet mellom Helse Vest RHF og universitet og høgsckolar i regionen tar hand om:

- i) saker innan helseforskning og innovasjon av gjensidig interesse
- ii) universiteta og høgsckolane sine behov for undervisning, opplæring og rettleiing av studentar
- iii) at utdanning og forskning er i tråd med behova til spesialisthelsetenesta

Helse Vest RHF skal sjå til og følgje opp at helseføretak det eig, følgjer opp punkta i instruksen i samsvar med fastsett politikk, forpliktingar og prioriteringar som er gjort av eigar i det enkelte år.

### **2. Overordnet prinsipp for samarbeid**

Helse Vest RHF skal ta del i planlegging universitet og høgsckolar gjør som gjeld forskning, innovasjon og utdanning i spesialisthelsetenesta og skal sørge for at universitet og høgsckolar kan ta del i føretaket si planlegging som gjeld forskning, innovasjon og utdanning.

### **3. Avtaler**

Helse Vest RHF skal inngå rammeavtaler med universitet og høgsckolar og arbeide for at helseføretak det eig, inngår særskilte avtaler med aktuelle universitet og høgsckolar om helseføretaka sine forskings- og utdanningsoppgåver.

Rammeavtalene bør være langsiktige og ha ei innretning som bidrar til eit godt og resultatretta samarbeid. Aktuelle tema for rammeavtale mellom regionale helseføretak og universitet og høgsckolar, eller avtaler mellom helseføretak og universitet og høgsckolar, kan vere: Bruk og drift av eigedom/areal, utstyr og andre formuesgjenstandar, tilrettelegging for forskning og innovasjon, rettigheitar til forskings- og innovasjonsresultat, tilrettelegging for undervisning (mellom anna praksisplassar, rettleiing og ivaretaking av studentar), kombinerte stillingar, IKT-tilgangar /IKT-støtte.

### **4. Eigedomsforvaltning**

Føretak må ved sal, pantsetting eller på annen måte disponering av fast eigedom der universitet eller høgsckole har rettigheitar, sørge for at disse blir ivaretatt.

### **5. Samarbeidsorgan**

Helse Vest RHF skal i samarbeid med universiteta og høgsckolane i helseregionen opprette samarbeidsorgan. Samarbeidsorgana skal behandle saker om forskning, innovasjon og utdanning og styrke forholdet mellom disse.

Helseregion Vest oppretter eitt eller to samarbeidsorgan. Ved oppretting av to samarbeidsorgan skal det velgast ein av to modellar:

- i) eit samarbeidsorgan med universiteta (om forskning, utdanning og innovasjon) og eit med høgsckolane (om forskning, utdanning og innovasjon), eller
- ii) eit om forskning og innovasjon og eit om utdanning (med universiteta og høgsckolane representert i begge)

Ved to samarbeidsorgan må Helse Vest RHF sørge for at arbeidet vert koordinert.

Samarbeidsorgana skal ha medlemmer som er nemnde opp av universiteta og/eller høgskolane og Helse Vest RHF. Samansetninga skal vere basert på prinsipp om likeverd mellom partane. Noregs forskingsråd og brukarrepresentant skal ha observatørstatus i samarbeidsorgana. Andre relevante aktørar kan få observatørstatus.

Samarbeidsorgana skal utarbeide forslag til mandat som spesifiserer organiseringa av leiinga av organet og kva for arbeidsoppgåver som organet bør få. Styret for Helse Vest RHF skal vedta mandatet, som og skal vere forankra i styringslina ved universitet og høgskolar.

Samarbeidsorgana skal drøfte saker av felles interesse. Samarbeidsorgana skal vere rådgivande for dei organa i Helse Vest RHF som gjer vedtak i saker som gjeld forskning og utdanning, og kan og vere rådgjevande i saker som gjeld innovasjon.

Innan utdanning skal samarbeidsorgana vurdere innhald, dimensjonering og endringar i utdanninga på grunnlag av behov i helse- og omsorgstenesta i regionen og gi tilbakemelding til styret for Helse Vest RHF, universiteta og høgskolane.

Det regionale samarbeidsorganet med universiteta, alternativt det regionale samarbeidsorganet om forskning, gir på bakgrunn av ei samla vurdering, innstilling til styret for Helse Vest RHF om tildelinga av det statlege øyremerkte, delvis resultatbaserte tilskotet til forskning i helseføretaka. Innstillinga må vere i samsvar med gjeldande oppdragsdokument frå eigar i det enkelte år. Innstillinga om fordeling av midlar krev støtte frå eit fleirtal blant medlemmene som er nemnde opp frå universitet og høgskolar og blant medlemmene som er nemnde opp frå Helse Vest RHF. Styret kan delegere vedtaket om tildeling av det øyremerkte tilskotet til forskning til samarbeidsorganet. Ved ueinigheit, skal styret avgjere saka.